Dugnad på Stemneplassen. 09.05.2016

11.mai er det dugnad på Stemneplassen.

Vi er midt inne i ei dugnadstid. I vakkert forsommarver er det kjekt å samarbeida for å gjera bygda finast mogeleg til sommarsesongen. Onsdag 11.mai kl.18 er det klart for den årlege dugnaden på Stemneplassen der den skal klargjerast til 17. mai og elles til bruk utover sommaren. Styret håpar på godt frammøte!

Styret i Uskedal friluftslag ber om at alle medlemslaga stiller med minst to representantar på dugnaden. Dessutan håpar dei også at andre bygdefolk tar med seg rive og er med og hjelper til.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kristian Bringedal